Hjartdal kommune

Arkivsaksnummer:2023/1454-99
Saksbehandlar: Simen Storøy

SAKSFRAMLEGG

1.gangshandsaming av forslag til kommuneplanen sin arealdel - høyring og offentleg ettersyn

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 leggast forslag til kommuneplanens arealdel, slik den ligg føre, ut til høyring og offentleg ettersyn.

Samandrag

Arealdelen til kommuneplanen er ein langsiktig plan som styrer korleis areal skal brukast i kommunen. Den viser kor det kan byggast, bevarast natur, etablerast vegar eller anna viktig infrastruktur. Arealdelen består av eit juridisk bindande plankart og tilhøyrande føresegner, samt ei planomtale. Arealdelen skal sikre berekraftig utvikling, balanse mellom bevaring og utbygging, og omsyn til miljø, klima og samfunnsbehov. Planen byggjar på nasjonale og regionale føringar og kommunen sine eigne mål. Innbyggjarar, næringsliv og myndigheiter kan påverke planprosessen gjennom medverknad. Arealdelen må handtere mange ulike og til dels svært kryssande interesser. Kommuneplanens arealdel gjeld ofte for 10–12 år og rullerast jamleg. Den skal skape forutsigbarhet for utbyggjarar, grunneigarar og innbyggjarar.

Kommuneplanprosessen starta i januar 2024, og kommunestyret har gjennom året jamleg hatt arealdelen som diskusjonstema. I juni 2024 fastsette kommunestyret planprogrammet med arealstrategiar. Satsingsområda i arealstrategiane følgjer opp nasjonale forventingar til kommunal planlegging og berekraftmåla som skal ligge til grunn for kommunal planlegging. Satsingsområda følgjer også opp kommunen si hovudutfordring med økonomisk berekraft:

Hjartdal kommune har dei siste 10-15 åra investert betydeleg i vatn- og avløp-infrastruktur i Tuddal for å legge til rette for næringsutvikling med fritidsbustader i kommunen. Som følge av denne investeringa er den økonomiske situasjonen i kommunen svært krevjande. Berekraftig va-økonomi i reinsedistriktet i Tuddal er avgjerande for vidare drift og utvikling av kommunen. For å gjere økonomien berekraftig og føreseieleg, både for innbyggarar, hytteeigarar, grunneigarar og kommunen, er det heilt naudsynt å få om lag 500 nye abonnentar på eksisterande va- infrastruktur i åra framover. Det er difor svært viktig at arealdelen bidreg til å sikre forutsigbarhet for vidare utvikling av Tuddal som satsingsområde for fritidsbustader og destinasjonsutvikling.

Arealrekneskapen til planforslaget syner at det leggast ut netto mindre utbyggingsareal enn i gjeldande plan og at utbyggingsområde på dyrka mark og myr reduserast betydeleg. Konsekvensutgreiinga for villrein syner at planforslaget kan ha negativ konsekvens for villrein i Tuddal, og noko positiv konsekvens for villrein i andre delar av kommunen, samanlikna med gjeldande kommuneplan.

Planforslaget som kommunedirektøren nå legg fram for politisk handsaming søker å balansere mange ulike omsyn. Kommunedirektøren vil framheve at planforslaget inneheld viktige arealmessige grep for å betre den økonomiske situasjonen kommunen står i. Økonomisk berekraftig utvikling er heilt avgjerande for at kommunen skal kunne oppretthalde sine tenester overfor innbyggarar, næringsliv og hytteeigarar.

Kommunedirektøren rår til å sende forslaget til kommuneplanen sin arealdel på høyring og offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Saksopplysningar

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument. Kommuneplanen består av to delar, ein samfunnsdel og ein arealdel. Jamfør plan og bygningslovens § 11-5 skal kommunen ha ein arealdel som dekker heile kommunen. Kommunestyret fastsett, gjennom vedtak av arealdelen til kommuneplanen, kva som er tillate arealbruk og kva for restriksjonar som gjeld.

Arealdelen skal følgje opp dei føringane som er lagt for arealpolitikken i samfunnsdelen til kommuneplanen og er juridisk bindande. Gjeldande arealdel ble fastsett i 2013. Samfunnsdelen til kommuneplanen ble vedteke sommaren 2017 og gir føringar for ny arealdel. Arealdelen skal gi forutsigbarhet for vidare planlegging og sakshandsaming. På denne måten sikrast utbyggjarar, innbyggarar og andre aktørar kunnskap om korleis arealutviklinga til kommunen skal vere i åra som kjem.

Kommunedirektøren vil framheve at planforslaget som no er til handsaming inneheld viktige arealmessige grep for å betre den økonomiske situasjonen kommunen står i med tanke på vatn og avløp i reinsedistriktet i Tuddal.

Kommunestyret skal nå handsame forslag til ny arealdel og vedta om den skal leggast ut til høyring og offentleg ettersyn. Jamfør plan- og bygningsloven § 11-14 skal fristen for å gi uttale, og eventuelt fremme motsegn, vere minst 6 veker. Alle kan sende inn uttale til planforslaget, og offentlege mynde har i tillegg moglegheit til å fremme motsegn dersom dei meiner regionale eller nasjonale interesser ikkje blir følgd opp. Offentleg ettersyn vil av planforslaget vil bli annonsert i lokalavis og på heimesida til kommunen. Etter at høyringsperioden er avslutta vil uttalene vurderast og planforslaget eventuelt justerast, før det leggast fram for kommunestyret for endeleg godkjenning.

Forslaget til arealdel består av tre hovuddokument (plankart, føresegner og planomtale) med supplerande dokument. Plankart og føresegner er juridisk bindande for framtidig arealbruk. Plandokumenta må lesast, og sjåast i samanheng, for å forstå heilheita i planforslaget.

Planforslaget består av følgjande dokument:

- Plankart, 10.04.25
- Føresegner, 15.04.25
- Planomtale med vedlegg, 24.04.25:
    1. Samla konsekvensutgreiing
    2. Konsekvensutgreiing villrein
    3. Konsekvensutgreiing av innspel
    4. Risiko- og sårbarheitsanalyse
    5. Oversikt over innspel til planarbeidet, to dokument

<u>Sakshistorikk og organisering av planarbeidet</u>

Kommuneplanprosessen starta januar 2024. Kommunestyret drøfta føringar for planprosessen i politisk verkstad 31.04. 24 før planprogrammet blei sendt på høyring og endeleg fastsett 12.06.24. Samtidig som planprogrammet var på høyring var det opna for å komme med innspel om endra arealbruk. Etter at innspelsperioda var avslutta gjorde kommunestyret vedtak 30.10.24 om kva for innspel som skulle takast med vidare til konsekvensutgreiing og nærare vurdering. Kommunestyret drøfta nærare føringar for planen i ein politisk verkstad 02.10.24 og 23.04.25 ble planforslaget presentert for kommunestyret. Arbeidsgruppa for planarbeidet har bestått av kommunedirektør, kommunalsjef samfunnsutvikling, fagleiar plan-, byggesak og miljø og to sakshandsamarar for plan- og byggesak. Asplan Viak har bistått kommunen.

Arealpolitiske prinsipp som er lagt til grunn

Føringane frå samfunnsdelen til kommuneplanen og konkretisering av arealstrategiar i planprogrammet, er hovudrammene for kva for tema som er vurdert og omtalt i planforslaget. Arealstrategiane som er lagt til grunn for arbeidet er følgjande:

1. *Variert bustadtilbod*
    - Legge til rette for eit meir variert bustadtilbod med fleire leilegheiter og mindre einingar i tettstadene

2. *Tuddal er satsingsområde for fritidsbustader og destinasjonsutvikling*
    - Tuddal er satsingsområde for fritidsbustader og destinasjonsutvikling.
    - Planen skal legge til rette for fritidsbustader i eit omfang som svara til dagens kapasitet på vassverket og reinseanlegget.
    - Fortetting av eksisterande byggeområder skal prioriterast før nye utbyggingsområde.
    - Planens skal fastsette ein langsiktig utbyggingsgrense for fritidsbustader i Tuddal som tar omsyn til viktige naturverdiar, villreinens leveområde, omsyn til friluftsliv og landskap og destinasjonens attraksjonsverdi.
    - Gjennomgå eldre reguleringsplanar for fritidsbustader, områder for fritidsbustader i gjeldande plan som ikkje er regulert og område for spreidd fritidsbustad og vurdere behov for å omdisponere desse på bakgrunn av arealstrategiane for planarbeidet og oppdatert kunnskapsgrunnlag.

3. *Natur- og kulturverdiar skal takast vare på og brukast i lokal verdiskaping*
    - Ved vurdering av nye byggeområde og gjennomgang av område som ikkje er realisert i gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar vil bevaring av naturverdiar, myr og dyrka mark bli vektlagt.
    - Kommunen vil gå i dialog med Statens vegvesen om framtidig trasé for E134 gjennom Hjartdal kommune for å avklare framtidig trasé, også for å unngå nedbygging av naturområde og kulturlandskap
    - Kommunen ønsker å legge til rette for solkraftanlegg som tar omsyn til natur- og miljø

4. *Samfunnstryggleik og klimatilpassing*
    - Planen skal ivareta omsynet til samfunnstryggleik og beredskap basert på oppdatert kunnskap og behov for tilpassing til klimaendringar.
    - Som del av planarbeidet vil kommunen vurdere kartlegging av ras og skredfare i utvalde eksisterande utbyggingsområde.
    - For å ivareta omsyn til flaumfare langs Hjartdøla leggast eksisterande flaumsonekartlegging til grunn der dette finnast, og elles brukast aktsemdskart.
    - Omsyn til drikkevasskjelder skal prioriterast i planen

Medverknad

Det har vore dialog med rørte myndigheiter i to regionale planforum, eit møte mens planprogrammet var på høyring og eit møte når planforslaget var under utarbeiding. Det har vore eigne møte med Mattilsynet om kva som kan sikrast gjennom kommuneplanen og med Statsforvaltar i forhold til villreininteresser og konsekvensutgreiing. Mens planprogrammet var på høyring ble det arrangert ope kontordag for dei som ville komme med innspel til planen.

Kommunen fekk meir enn 60 innspel til planarbeidet, derav over 50 arealinnspel, ved varsel om oppstart. Med utgangspunkt i dei arealpolitiske prinsippa i arealstrategiane i planprogrammet ble det gjort ei vurdering av arealinnspela. Område som ikkje var i tråd med arealstrategiane som var vedteke, ble tatt ut av vidare prosess og ikkje utgreia nærare. Kommunestyret gjorde vedtak om kva for område som skulle takast med vidare til konsekvensutgreiing og nærare vurdering. Alle innspel ved varsel om oppstart og innspel om arealbruksendringar er å finne i vedlegg til saken.

Resultat frå anna utviklingsarbeid som eksempel forstudiet for reisemålsutvikling Tuddal er nytta som grunnlag i planarbeidet. I tillegg vart det arrangert ope møte i Tuddal for å informere om planarbeidet, og barn er involvert gjennom «Barnetråkk». Kommunen har vore i dialog med enkeltgrunneigarar og grupper av grunneigarar undervegs i arbeidet.



Vurdering

Dei politiske satsingsområda og arealstrategiane har lagt føringane for arbeidet med arealdelen. I det vidare gjerast det greie for korleis hovudmålsettingane er innarbeidd i planforslaget.

Variert bustadtilbod

Det største potensialet for eit meir variert bustadtilbod ligg innafor sentrumsplanen for Sauland som legg til rette for fleire leilegheiter. Sentrumsformålet i arealdelen er utvida for å gi rom for

eit tydelegare kommunesenter med blanda funksjonar, der også bustadutvikling inngår. Innafor sentrumsområda er det ønskeleg med høgare tettheit og utbygging av fleire leilegheiter. Tunet på Hagen gard er innlemma i sentrumsformålet.

Det er lagt inn eit nytt bustadområde i Sauland mellom Frølandsfeltet og Sauland kyrkje og to nye område for bustad på Dalen i Hjartdal. I Tuddal er det ikkje lagt inn nye område for bustad, men eit urealisert byggeområde for bustad er tatt ut etter ønske frå grunneigar. Sentrumsområdet i Tuddal er utvida for å mogleggjere fleire blanda funksjonar og høgare utbygging av areala, til dømes til leilegheiter.

For legge til rette for spreidd bustadbygging utanfor tettstadene er det lagt inn retningsliner og kriterium for dispensasjon for spreidd utbygging. Det er vanskeleg å vite kor ønske om nye bustader i grendene kjem, og det er derfor valt å legge til rette for handsaming av dispensasjonar framfor å sette av område for spreidd bustadbygging.

Tuddal er satsingsområde for fritidsbustader og destinasjonsutvikling

Tuddal er kommunens satsingsområde for fritidsbustader og destinasjonsutvikling. Her har kommunen gjort betydelege investeringar i infrastruktur for offentleg vatn og avløp. Det blir avgjerande å legge til rette fleire abonnentar for å sikra økonomisk berekraft i åra som kjem. Planforslaget støttar opp under dette med fokus på Tuddal som satsingsområde. Planforslaget legg til rette for at alle nye hytter skal koplast til eksisterande va-leidningar.

Kommunen ønsker å legge til rette for vidare utbygging av fritidsbustader i eit omfang som svarar til dagens kapasitet på reinseanlegget knytt til fritidsbustader i Tuddal. Det leggast opp til ein trinnvis utvikling av reinseanlegg og ein oppdatering av utsleppssøknad dersom det skulle bli behov. Investeringa er ein viktig infrastruktur for ein tyngre satsing på hytteutvikling som næring, og utvikling av fritidsbustader i område som ligg innanfor Kovstulheia-Russmarken reinsedistrikt har hatt prioritet i planarbeidet.

Som ledd i planarbeidet har kommunen gjennomgått eldre reguleringsplanar for fritidsbustader, arealreserve for fritidsbustader i gjeldande kommuneplan som ikkje er regulert, og område for spreidd fritidsbustad i heile kommunen. I planforslaget er det foreslått endring og omdisponering av fleire av desse områda på bakgrunn av arealstrategiane for planarbeidet og oppdatert kunnskapsgrunnlag. Alle nye område for fritidsbustader er vurdert opp mot eksisterande offentleg nett for vatn og avløp og berre utviklingsområde med moglegheit for tilknyting til det kommunale v/a-anlegget er prioritert.

For områda for fritidsbustadar utanfor reinsedistriktet vil det ikkje vere tillate å fortette utover det som ligg i gjeldande reguleringsplanar. Innanfor dagens og utvida reinsedistrikt vil det vere tillate å fortette. Det er ikkje satt av nye område for spreidd fritidsbustad, men enkelte byggeområde for fritidsbustad er endra frå byggeområde til LNF spreidd utan opning for fortetting. Dette gjeld særleg ved Breivatn, men også noko i Bondal og Tuddal.

Planen legg til rette for vidare utvikling av Tuddal som reiselivsområde, og det er tatt inn fleire nye område for utbygging som støttar opp under investeringane Hjartdal kommune har gjort i vatn og avløp.

7 grunneigarar har gått saman om å foreslå sine areal som ein felles satsing på eit nytt område for turistutvikling mellom Tuddal sentrum og Toskjær området. Arealet er lagt inn i planforslaget som ein ny og endra tilrettelegging for turisme i Tuddal. Konseptet for området er ikkje endeleg

utforma, men utviklarane ser for seg at det kan utviklast med 3-4 alpinbakkar og 1 – 2 heisar. Området vil knytte bygda og fjellet saman, og vende tyngdepunktet av utvikling mot Tuddal framfor fjellet og sårbare naturverdiar her.

I gjeldande planar ligg det inne eit alpinanlegg ved Tuddal høgfjellsenter som strekk seg oppover i snaufjellet. Planane om eit alpinanlegg er ikkje realisert og alpinområdet blir ikkje vidareført i ny plan, det startast ein prosess med å oppheve eksisterande reguleringsplan.


Kommunedirektøren har undersøkt moglegheita for å knytte Tuddal til Gausta-området ved å nytte beltegåande køyretøy til persontrafikk frå Tuddal til Gausta på vinterstengt veg. Svaret frå Statsforvaltar er at lovverket ikkje opnar for slik type ferdsel. Det er derfor ikkje noko som tydar på at det blir mogleg å skape ein heilårleg forbindelse mellom Tuddal og Gausta området, og kommunedirektøren råder til at det leggast til rette for utvikling av eit nytt lokalt alpintilbod i Tuddal.

Planen viser to soner med føresegner som sikrar tilkopling til offentleg vatn- og avlaup i Tuddal. Den eine sona er dagens reinsedistrikt, mens den andre viser eit utvida reinsedistrikt. Det er krav om at nye fritidsbustader innanfor begge føresegnsområda skal knyte seg til det offentlege vatn- og løpsanlegget, men gjeldande planar som ligg mellom dagens og utvida reinsedistrikt kan gjennomførast utan å vente på framføring av nytt hovudleidningsnett. Endeleg avgrensing av utvida reinsedistrikt gjerast i hovudplan for vatn og avløp som det arbeidast med parallelt med arealdelen. Dersom hovudplan for vatn og avløp ikkje ferdigstillast før arealdelen blir vedtatt, må det gjerast ein mindre rullering av arealdelen for å avstemme føresegnsområdet for utvida reinsedistrikt med hovudplanen for vatn og avløp dersom det er avvik mellom dei to planane.

Nye byggeområde er i hovudsak avgrensa mot tregrensa, med eitt unntak, område FB15 der heile innspelet er foreslått tatt inn, også areal som ligg over tregrensa. Kommunedirektøren råder til å ta inn heile innspelsområdet i planen av strategisk viktige grunnar.

<u>Langsiktig utbyggingsgrense</u>

Det er satt ein langsiktige utbyggingsgrensa for Tuddal for å avgrense vidare framtidig utbygging slik at den tar omsyn til viktige naturverdiar, villreinens leveområde, friluftsliv og landskap og er tenkt som ei varig utbyggingsgrense også for seinare planlegging. Grensa viser ei avgrensing mot høgfjellet, kulturlandskapet og urørte landskapsrom rundt Solheimstulen og mot bygda Tuddal.



Figur 1: Langsiktig utbyggingsgrense Tuddal

Spreidd fritidsbustad

Planen legg til rette for å etablere enkelt-fritidsbustader knytt til gardsbruk i grendene, eksempelvis ved generasjonsskifte. Sidan det er vanskeleg å vite kor dette blir aktuelt, er det lagt inn retningsliner og kriterium for dispensasjon for spreidd utbygging framfor å sette av område for LNF spreidd fritidsbustad.

Natur- og kulturverdiar, bruk og vern

I vurdering av innspel til planen er naturverdiar tillagt vekt, og fleire av dei nye områda er avgrensa for å unngå konflikt med naturverdiar, sjå nærare omtale i dokumentet «Konsekvensutgreiing for samla planforslag». Det ble gjennomført naturkartlegging av eit utval innspelsområde som grunnlag for å vurdere konsekvensar for naturverdiar.

Kulturmiljø som er peika ut i forslaget til kulturmiljøplan er satt av med omsynssoner i planforslaget. Det blir i høyringsperioden av arealdelen lagt opp til ein dialog med eigarane av gardsbruk innom føreslått omsynssone for «Gamle Sauland sentrum», jf. vedtaket i kommunestyret ved handsaming av kulturmiljøplanen. Det er eit mål at omfanget av omsynssona, eller om omsynssona skal takast ut, blir avklara under høyring og offentleg ettersyn av arealdelen.

Det er satt av to område som er aktuelle for solkraftanlegg med konsesjonsbehandling etter energilova, kommuneskogen og Kjelddalen.

Avklaring av framtidig trasé for E134 gjennom Hjartdal gjerast i eigne prosessar. Statens vegvesen vil fjerne «Grisesvingen» og «Tomatsvingen» på E134 vest for Sauland kyrkje, og framtidig ny trasé for denne strekningen er lagt inn i planen.

Villrein

For villreinens leveområde og trekkvegar er det sett særskilte føresegner for å sikre omsynet til villrein, basert på Miljødirektoratets avgrensingar. Det er utarbeidd ein eiga konsekvensutgreiing for villrein. Satsinga på økt bygging av fritidsbustader i Tuddal vil kunne generere auka ferdsel i leveområda til villreinen, og også føre til nedbygging av natur. Samtidig gir planen redusert moglegheit for bygging av fritidsbustader i andre deler av kommunen, både i og nær opptil villreinen sine leveområde, særleg rundt Bondal og Breivatn. Totalt sett vurderast planforslaget å ha negativ konsekvens for temaet villrein nær Tuddal, og noko positiv konsekvens for villrein i dei andre delane av kommunen, samanlikna med gjeldande plan.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det er lagt inn omsynssone for flaum i vassdrag med utgangspunkt i aktsemdkart og flaumsonekart frå NVE. Omsynssona viser område med mogleg flaumfare og der området bør utgreiast nærare for å avgjere om det er flaumfare eller ikkje. Planforslaget har føresegner som skal sikre at overvatn blir handtert i detaljplanar og byggesak.

Det er lagt inn omsynssoner for skred basert på aktsemdkarta for ulike skredtypar. Omsynssona viser område med mogleg skredfare og der området bør utgreiast nærare for å avgjere om det er skredfare eller ikkje.

Dei største grunnvasskjeldene er vist med omsynssone for beskyttelse av drikkevatnet. Sjåvatn er drikkevasskjelde for reiselivsområdet Tuddal og området som ligg innafor nedbørsfeltet oppretthaldast som LNF-formål (landbruks-, natur- og friluftsformål) i planforslaget. Kva for andre tiltak som eventuelt er nødvendig for å sikre Sjåvatn som drikkevasskjelde vil bli utgreia og avklart gjennom prosessen med overordna vatn- og avløpsplan. Dersom planen konkluderer med at det er nødvendig med tiltak av typen som krev arealmessige grep, rår kommunedirektøren til at desse blir innarbeidd gjennom ei endring av arealdelen etter vedtak.

Arealrekneskap

Arealrekneskapen viser at det leggast ut netto mindre utbyggingsareal enn i gjeldande plan, og at utbyggingsområde som ligg på dyrka mark og myr reduserast.

	Byggeformål til LNF	**LNF til utbyggingsformål**	**Netto nytt utbyggingsformål**
Arealtype	**Daa**	**Daa**	**Daa**
Ferskvatn	47	20	-27
Fulldyrka jord	65	2	-63
Innmarksbeite	29	7	-22
Myr	700	270	-430
Overflatedyrka jord	3		-3
Skog	6145	2959	-3187
Åpen fastmark	293	547	254
Sum	7282	3805	-3477

Forholdet til gjeldande planar

Kommuneplanen er i utgangspunktet gjort gjeldande framfor 13 eldre reguleringsplanar for fritidsbustader. For ytterlegare 6 reguleringsplanar for fritidsbustader er kommuneplanen gjort gjeldande framfor delar av planen. Kommunestyret skal gå i gong med ein prosess for å oppheve desse reguleringsplanane, og kommunestyret får dette som eigen sak til handsaming på neste kommunestyremøte.

Nokre føresegner i arealdelen til kommuneplanen gjeld framfor alle reguleringsplanar ved motstrid, dette gjeld føresegner om:

- Utandørs belysning
- Ikkje konsesjonspliktige solfangarar og solceller
- Krav om tilrettelegging for innlagt vatn og utslepp for nye fritidsbustader innanfor dagens reinsedistrikt i Tuddal
- Generelle rekkefylgjekrav

Vurdering etter naturmangfaldlova

§8 Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget i forhold til villrein vurderast å vere godt. Kvalitetsnorma frå 2023 og overvaking av bestanden med teljingar og GPS-merking har særleg bidratt til dette.

Kunnskapsgrunnlaget i forhold til naturmangfald vurderast å vere godt for vurdering av nye byggeområde. Det er gjennomført kartlegging av naturtypar etter Miljødirektoratets instruks (NiN) av dei fleste nye byggeområde. Nokre få område er ikkje kartlagt, dette går fram av konsekvensutgreiinga. Føresegnene stiller krav til reguleringsplan om kartlegging av naturmangfald dersom dette ikkje er tilfredsstillande kartlagt frå før. For artar er artskart.artsdatabanken.no og viltkart frå 2005 lagt til grunn.

Kunnskapsgrunnlaget vurderast å vere tilstrekkeleg og kravet til kunnskapsgrunnlaget vurderast å vere oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 8.

§ 9 Føre-var-prinsippet

Det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfald, men kor stor meirbelastning ferdsel frå auka bygging av fritidsbusetnad vil gje i villreinens leveområde ved Tuddal er usikker. Etter Hjartdal kommunes vurdering medfører planen risiko for negativ påverknad på villrein. Sjølv om det knyt seg ein viss usikkerheit til omfanget av negativ påverknad, tilseier føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 at kommunen må vurdere å følgje opp med avbøtande tiltak. Ulike døme på avbøtande tiltak er foreslått i KU for villrein, og avbøtande tiltak må gjennomførast etter andre prosessar der heilheita blir vurdert. For anna naturmangfald ligg det føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og verknadene av nye område som er kartlagt og vurdert slik at føre-var-prinsippet ikkje kjem til anvending.

§ 10 Økosystemtilnærming og samlet belastning

Ein påverking av eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastning som økosystemet er, eller vil bli utsett for. Konsekvensutgreiinga har sett på kva forslag til arealdel vil ha å seie for villreinens levekår særskilt og for naturmangfald generelt. Den samla belastninga villreinen står ovanfor er også påverka av ferdsle og tiltak utanfor planområdet, som utviklinga i Gaustaområdet og andre tilgrensande område til Brattefjell-Vindeggen villreinområde, og av tilhøve som ikkje regulerast gjennom plan, som til dømes jakttrykk. Konsekvensane av endringane som gjerast i planen vil vere både positive og negative for villrein og bidraget frå planendringa til samla belastning på villreinen er derfor usikker.

§11 Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver og §12 Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder

Kommuneplanen er ein strategisk plan og omfattar ikkje eitt tiltak og ein tiltakshavar eller detaljerte føringar for gjennomføring av tiltak. Oppfølging av §11 og 12 vert difor først relevant i reguleringsplan og søknad om tiltak.

Konklusjon

Dei overordna nasjonale og regionale føringane, dei politiske arealstrategiane og arealinnspela frå innbyggarar, næringsliv og frivillige organisasjonar er utgreia og vurdert i planforslaget.

Planen skal balansere mange ulike omsyn og kommunedirektøren legg fram eit planforslag der dette er gjort etter beste evne. Hjartdal kommune treng nye vatn- og avløpsabonnentar på det offentlege VA-nettet i Tuddal for å oppnå ein berekraftig utvikling i økonomien, for både kommunen og den enkelte abonnent. Kommunedirektøren ser at planforslaget kan utfordre omsynet til villreinen i området rundt Tuddal. Kommunedirektøren er jamvel av den oppfatning

at planforslaget som heilheit svarar ut dei behov Hjartdal kommune har for å kunne oppretthalde og levere gode tenester, og i denne samanheng er berekraftig va-økonomi særs viktig.

Kommunedirektøren tilrår kommunestyret å legge planforslaget ut til høyring og offentleg ettersyn slik det ligg føre til saka, jf. plan- og bygningslova § 11-14.